



Jan Heggestad  
Bøneslien 109  
5155 Bønes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3528 - 22/40400

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
25.05.2022

## **Gjeldande klarlegging av grense for Nesvågen småbåthamn - gbnr 444/2/1 Mangersnes**

Syner til oppmålingsforretning 16.05.2022 som gjeld klarlegging av eksisterande grense mellom gbnr 444/2/1, 444/2 og 444/20.

Etter oppmålingsforretninga fann underteikna ortofoto (flybilete som er tilpassa kartet) frå 1961 over området. Her ser ein tydelege 4 kvite signal rundt eigedomen gbnr 444/20. Dette var kvite papp-plater eller kvit maling som grunneigarane skulle leggja ut på grensemerka på eigedomane sine. Dette i samband med flyfotografering. Avstandane mellom desse punkta stemmer det ikkje heilt med avstandane i skylddelinga for 444/20.

Eg laga koordinatar på punkta som viser i ortofotoet og var ute i Nesvågen fredag 20.05.2022 og stakk desse ut. Det må reknast med at punkta har ein viss nøyaktigheit bl.a. på grunn av tilpassing av flybileta til kartet.

Ved å forskyva utstukne punkt omlag 1.0 meter mot nord kjem ein omlag på hjørne på gjerdet i nordvest. Også i søraust kjem ein i nærleiken av hjørne på gjerde.

Etter mi meining må koordinatane i målebrev for gbnr 444/2/1 vera feil.

Eit forslag til løysing kan vera at partane vert samde om at grensa mot gbnr 444/20 går frå hjørne på gjerde i nord (100) i rett line til hjørne på gjerde i søraust (103), vidare til dei 2 punkta me stakk ut den 16.05.2022 (G4, G5). Gjerdestolpane eg siktar til er malte med raudmaling.

I grensa mellom bnr.2 og festnr.1 brukar ein gamal jern fortøyningsbolt som grensemerke i nord (G1). I sør går grensa frå punkt G5 til tidlegare utstukke punkt G6.

Legg ved ortofoto frå 1961 påført avstandar og punkt som prøver å synleggjera dette. Avstandar med svart skrift er målt horisontalt mellom dei kvite signala i biletet. Blå skrift er avstandane frå skylddelinga. Desse er antakeleg målt etter terrenget.

Høyrer frå dykk om dette er ei løysing som de vil gå for. Eg vil då reisa ut att og setja ned offisielle grensemerker i punkt 100,103, G4 og G6. Om ikkje partane kjem til semje innan 13.06.2022 vert saka avslutta frå kommunen si side.

Gjer merksa på at eigar av gbnr 444/20 ikkje er tinglyst eigar av egedomen. Heimelen må anten ordnast eller det må leggjast fram skifteattest for avdøde eigar. Informasjon om overføring av heimel til eigeedom ved skifte finn ein på Kartverket si heimeside.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

444-2-1-Forslag  
Skyldskifte 44-20

**Mottakarar:**

Jan Heggstad	Bøneslien 109	5155	Bønes
Nesvågen småbåtlag	Solendvegen 53	5936	MANGER
Thore Mangersnes	Mangersnesvegen 187	5936	Manger